

ALVER KOMMUNE
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Vår dato: 02.09.2021
Vår ref.: 202112630-2
Arkiv: 323
Dykkar dato: 23.07.2021
Dykkar ref.: 21/5346-21/51187

Sakshandsamar:
Toralf Otnes
22959527/toot@nve.no

NVE si fråsegn til søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel for å etablere inntaksleidning for supplerande vasstilførsel - Gnr. 229 bnr. 1 - Alver kommune

Vi syner til brev datert 23.07.2021. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel for å etablere inntaksleidning for supplerande vasstilførsel. Det vert søkt om dispensasjon frå arealføremål Bruk og vern av sjø og vassdrag, og frå krav om geologisk vurdering av risiko for ras etter føresegn 4.1.3.

Lerøy Vest AS har 18.05.2015 fått konsesjon etter vassressurslova § 8 for vassuttak og regulering av Husdalsvatnet til landbasert oppdrett av fisk.

NVE har ingen merknader til at det vert gjeve dispensasjon frå arealføremålet.

Alle tiltak etter pbl § 20-1 er omfatta av Byggteknisk forskrift (TEK17), her under tryggleikskrava i § 7-3 om skredfare. Det er Alver kommune som må avgjere kva tryggleiksklasse (jf. TEK17 § 7-3, 2. ledd første setning) inntaksleidningen fell under. Tiltakshavar må så dokumentere at tiltaket ikkje blir påført skade av skred med det gjentaksintervallet som gjeld for den aktuelle tryggleiksklassen. Det er Alver kommune som må avgjere når denne dokumentasjonen er god nok.

Med helsing

Ann-Kristin Larsen
fung. seksjonssjef

Toralf Otnes
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.



Kopi til:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND